

Protokoll frå føretaksmøte

Protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF

**Stadfesting av vedtak, oppnemning av
styremedlemmer, fastsetting av
styregodtgjering**



PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Onsdag 27. januar 2010 kl 13.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF i Helse- og omsorgsdepartementet sine lokale, Einar Gerhardsens plass 3, Oslo

Dagsorden:

- Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Stadfesting av tidlegare vedtak
- Sak 4 Val av nytt styre, jf. lov om helseforetak § 21
- Sak 5 Fastsetting av styregodtgjering, jf. lov om helseforetak § 21 tredje ledd

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte:

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen

Frå styret møte:

Oddvard Nilsen
Kari Oftedal Lima

Aslaug Husa
Helge Espelid

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Herlof Nilsen

Også til stades:

Statssekretær Tone Toften
Ekspedisjonssjef Per Bleikelia
Avdelingsdirektør Anne M Ullhammer
Seniorrådgjevar Bjørg L Seim

Avdelingsdirektør Mette Bakkeli
Avdelingsdirektør Frode Myrvold
Underdirektør Kai Furberg
Seniorrådgjevar Randi Lilletvedt

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13 og møte ved Mari Repstad.

Sak 1 Føretaksmøtet blir konstituert

Helse- og omsorgsminister Anne-Grete Strøm-Erichsen ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkommen. Ho spurte om det var merknader til innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til den utsendte dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.



Sak 3 Stadfesting av tidlegare vedtak

Etter etablert praksis skal vedtak som er fatta i telefonmøte bli stadfesta i første ordinære føretaksmøte. Det vart halde føretaksmøte i Helse Vest RHF 9. september 2009. Saka gjaldt overføring av aksjar i Norsk Helsenett AS.

Føretaksmøtet vedtok:

I medhald av lov om helseforetak §15 vedtek føretaksmøtet eit uttak av kapital på kr 13 094 000 frå Helse Vest RHF som blir gjort opp ved at Helse Vest RHF sine 4 000 aksjar i Norsk Helsenett AS blir overtatt av eigar den 30. oktober 2009.

Føretaksmøtet ber Helse Vest RHF sørgje for at aksjane blir overførte til Norsk Helsenett SF som del av Den norske stat sitt innskott i statsføretaket 30. oktober 2009.

Sak 4 Val av styremedlemmer, jf lov om helseforetak § 21

Etter lov om helseforetak § 24 blir styremedlemmene valde for to år. Sitjande styremedlemmer ble valde i januar 2008. Styra i helseføretaka består av både styremedlemmer valt av eigar og styremedlemmar valt av dei tilsette. Styremedlemmene som er valt av eigar blir valt i samsvar med bestemmingane i Lov om helseforetak § 21, tredje ledd. Det er frå 2006 stilt krav om at eit fleirtal av dei styremedlemmene som er valt av eigar skal veljast blant føreslåtte folkevalde. Oslo kommune, fylkeskommunane og Sametinget har føreslått folkevalde kandidatar til styra.

Helse- og omsorgsministeren gjorde greie for prosessen som er gjennomført og eigar sitt forslag til nytt styre. Helseføretaka forvaltar viktige samfunnsoppgåver og store ressursar på vegne av fellesskapet. Dei er og store verksemder i det norske samfunn. Det er viktig at dei styremedlemma som er valt av eigar har ein kompetanse som reflekterar oppgåvene styret har og dei utfordringane helseføretaka står overfor. Styremedlemma som er valt av eigar skal ikkje representere geografiske område, partipolitiske eller andre interesser, men det er viktig at styra samla sett representerer ei bredde, både geografisk, partipolitisk, når det gjeld alder og kravet om representasjon mellom kjønna.

Føretaksmøtet minnet om at styret som kollegialt organ og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel. 2. Styremedlemmer som er av den oppfatninga at dei kan vere inhabile skal gjere styret merksam på dette. Avgjerda treffest av styret utan at den aktuelle styremedlemmen deltek i avgjerda.

Føretaksmøtet vedtok:

Frå i dag og fram til det vert halde føretaksmøte i januar 2012 blir følgjande personar valt til eigarvalde styremedlemmer i styret for Helse Vest RHF:

*Oddvard Nilsen
Aud Berit Alsaker Haynes
Gunnar Berge
Ohene Aboagye
Nils Støyva*

*Gisle Handeland
Gerd Dvergsdal
Torhild S. Nyborg
Gro Skartveit*

Føretaksmøtet oppnemnar Oddvard Nilsen som styreleiar og Aud Berit Alsaker Haynes som nestleiar. Føretaksmøtet minner om at styret som kollegialt organ og styremedlemmene er bundne av reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel 2.

Sak 5 Fastsetting av styregodtgjering, jf lov om helseforetak § 21 tredje ledd
Helse- og omsorgsministeren gjorde greie for grunnlaget for forslag til fastsetting av styregodtgjering for styremedlemmer og varamedlemmer.

Foretaksmøtet fattet følgende vedtak:

Styregodtgjering for styremedlemmer i Helse Vest RHF vert fastsett til:

Styreleiar kr 220 000

Nestleiar kr 147 000

Styremedlemmer kr 107 000

Varamedlemmer (for ansattevalde styremedlemmer) får ei godtgjering på kr 4 100 pr møte.

Praksisen med at det ikkje skal gis økonomisk kompensasjon eller dekning av kostnader utover fastsett styregodtgjering blir vidareført.

Møtet vart heva kl. 13.10.



Anne-Grete Strøm-Erichsen



Oddvard Nilsen